

Til føresette ved Ulsteinvik og Ulstein skule.

Sender ut informasjon i høve arbeidet med å slå saman Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule.

Møte med FAU ved Ulstein skule 4.februar.

Kommunalsjef og kommunedirektør saman med ordførar var invitert til eit møte med føresette på Ulstein skule i regi av FAU ved skulen. I

møtet var det særleg to punkt som vart diskutert.

- Betre kommunikasjon

Tilbakemeldingar frå føresette ved Ulstein skule er at det er eit behov for meir informasjon enn det ein har fått hittil. Vi vil halde fram med å bruke Vigilo til utsending av informasjon då denne kanalen sikrar at vi når alle samstundes.

For å svare på behovet for meir informasjon vil det i tillegg verte oppretta ei side på Ulstein kommune sine nettsider med informasjon om skulesamanslåinga. Nettsida vil de finne under fana barnehage og skule.

- Klasselister

Når elevane på Ulstein skule tek til på Ulsteinvik barneskule til hausten vert det endringar i klassesamansetninga. Fleire av trinna som i dag har tre parallellklasser vil vert delte i fire parallellklasser.

Det betyr at det vert ei omorganisering av elevane som går på trinnet frå sentrum og at det samstundes vert nye elevar som kjem frå Ulstein skule.

Å skape gode klasser er særst viktig og noko vi treng å bruke tid på. Vi ønskjer gode klassesamansetjingar. Føresette frå Ulstein skule la fram eit sterkt ønske om at informasjon om kven elevane skal gå i klasse med kom så raskt som råd er, slik at dei kan hjelpe til å gjere elevane kjende med nye klassekameratar før sommarferien.

Vi vil prøve å komme dette ønsket i møte, samstundes som vi må ta omsyn til andre faktorar som spelar inn. Klasselistene og kven som vert lærarar i dei ulike klassene skal vere sendt ut i forkant av foreldremøte

som vert arrangert i mai.

Foreldremøte

Det vert arrangert felles foreldremøte i mai på Sjøborg. Møtet vil vere todelt.

Del 1. 18.00 - 18:45

Velkommen og informasjon frå kommunalsjef og rektor. Fagleg innlegg ved kommunepsykolog Thomas Myklebust og Peter Orry Larsen frå

MOT.

Del 2 19:00 – 20:00

Kvar klasse har møte på sitt klasserom der det vert anledning til å verte kjende med lærarar og dei andre føresette som høyrer til klassa.

Aktivitet framover for elevane

Det er planlagt ulike treffpunkt og aktivitetar for elevane framover.

Informasjon om kva ditt barn skal vere med på vil de få gjennom kontaktlærar.

Endring i timeplan

Det er sett i gang eit arbeid for å sjå på endring av timeplanen ved Ulsteinvik barneskule. Ny timeplan vert lagt ut på heimesida så snart den er klar.

Lærarkabal

Det vert arbeidd med å legge lærarkabal for alle skulane i kommunen.

Grunna naturleg avgang og permisjonar slepp vi seie opp faste tilsette og det er vi svært glade for. Informasjon om kven som skal vere lærar

for ditt barn neste skuleår får du når klasselistene vert delt ut.

Leiarkabal

Leiarkabalen ved Ulsteinvik barneskule er bestemt og vil vere slik frå hausten av:

Rektor: Synnøve Haug

Ass.rektor: Ole-Jacob Arnesen

Avdelingsleiar: Norunn Lindvik Velsvik

Avdelingsleiar: Brita Hofseth Hatløy

Avdelingsleiar: Uavklart, intern utlysing

SFO-leiar: Uavklart, intern utlysing

Ønskjer alle ein fin vinterferie i det som ser ut til å bli strålande
vinterver!

Karen Strand